

Rustne Menn med balkongkonsert på Husnestunet.

11.06.2020



Ei ny konsertform for Rustne Menn. F.v. Reidar Myklebust, Kristian Bringedal, Svein Rimestad og Tore Nordahl-Pedersen.

**Det var stor tilstrøyming til balkongkonsert på Husnestunet i går. Med eit publikumstal på 50, av beburarar og personale, er song- og musikkgruppa Rustne Menn godt nøgd med initiativet om å gje litt oppmuntring i ein kvardag med korona og restriksjonar for besøk. Heidersgjesten var Reidar Myklebust, ein tidlegare medlem i gruppa og som no er beburar på Bufellesskapet på Husnestunet.**

I fint sommarver med svalande vind høvde det godt å starta med Kom sommarvijnn, tekst av Arvid Hansen og melodi Tove Karoline Knudsen. Det vart ein gjennomgangsmelodi og tema for konserten. I den same generen høyrer Kenneth Siversten med songane Nordaførr - vårsøg og Kjærlighetsvisa.

Eit viktig element med konserter på aldersheimar er gjenkjenning. Johannes Kleppevik sine tekstar og melodiar fungerer godt i så måte. Striladans er ein sommarvals. No kjem ein vals høyrer sjømannslivet til. Begge valsane går inn og publikum trallar med. Det same gjer songen Oldefar.



Bilete syner litt av publikum i tunet og på balkongane.

Konserten var krydra med eigne tekstar og omsetjingar av Svein Rimestad. Dublin i min gråt med tekst og melodi av Brendan Phelan kling godt.

Det same gjer Du venta på meg av Kjell Brendeland i Vestlandsfanden. På plateomsalget til Veslandsfanden sin Livets glade plommer finn vi dette om Du venta på meg: Dette er ei vise om alle dei kjekke jentene vi har møtt på vår ferd i musikkenes teneste. På Husnestunet var det mange gilde jenter og mange kjende seg att i teksten.

Ein time i godt lag gjekk fort. Så var det for alle bebruarane å finna vegen tilbake til sin avdeling og ein ventande middag.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Gina Eriksen Albrethson - Kvinnheringen